

Hordaland fylkeskommune

Vår dato: 23.06.2017
Vår ref: 2012/211 - 14134/2017 / C54
Dykkar ref:

Stord maritime museum, vidare drift, tilhøvet til Sunnhordland museum. Melding om vedtak

De vert med dette orientert om at Stord kommunestyre 23. juni 2017, sak PS 26/17, fatta slikt samrøystes vedtak:

1. Stord kommunestyre verdset det arbeidet som gjennom mange år er lagt ned for å ta vare på regionen sin maritime kulturarv.
2. Stiftinga Stord maritime museum (SMM) får frist til 1. oktober 2017 for å fremja eit alternativt driftsopplegg. Kommunestyret føreset at eit slikt opplegg omfattar eit betydeleg redusert kommunalt tilskot, og at det i tillegg til budsjett skisserer eit opplegg for fageleg og administrativ tilknytning og trong for deponi. Stord kommune kan vurderer å medverka til å sikra deler av samlingane gjennom å stilla til rådvelde deponi. SMM må også tydeleggjere kva som skal inngå i samlinga, kva som vil bli presentert for publikum samt kva del av historia som vert formidla. Kommunestyret vil betala husleige for leigeforholdet på Natrutekaien til og med 31. oktober 2017 og legg til grunn at Stiftinga Stord maritime museum seier opp leigeforholdet med Natrutekaien AS.
3. Kommunestyret ber samstundes SMM om å vurderer grunnlaget for stiftinga og gåva frå Oma-familien på bakgrunn av at det ikkje lenger ligg føre eit samarbeid med Sunnhordland museum. Stord kommune er opne for å vurderer anna framtidig organisering enn dagens eigarstifting.
4. Stord kommune er, som vertskommune for Sunnhordland museum, oppteken av at museet har tenelege rammer for drift og utvikling. Kommunestyret er innstilt på å vidareføra driftsstøtta på dagens nivå, tilsvarande øymerka tilskot til stilling som museumsrådgjevar. Stord kommune vil utmåle framtidig generelt driftstilskot til museet ved rullering av framtidige budsjett og økonomiplanar.
5. Stord kommune er svært nøgd med at fylkeskommunen vil gå gjennom drifta av Sunnhordland Museum som grunnlag for å vurderer tiltak for ei monaleg styrking og utvikling av organisasjonen. Kommunestyret oppmodar om at det blir etablert nye samarbeidsformer med det profesjonelle regionale museet der det vert utvikla gode lokale ordningar for friviljuge som arbeider med kulturhistorisk samlingsarbeid. Kommunestyret er oppteken av at vår maritime og industrielle historie vert synt fram i full breidde på Stord, og ynskjer å bidra konstruktivt til dette.

Eg nyttar høvet til å takka for ein god og konstruktiv dialog med fylkeskommunen så langt i prosessen, og ser fram til det vidare arbeidet med å utvikla museumsvesenet i Stord og Sunnhordland.

Med helsing

Magnus Mjør
rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

